



Norconsult

Saksbehandler, innvalgstelefon

Sarah Kvåle Skouen, 55 57 21 15

Uttale til ny høring av planprogram - Askøy og Alver - kommunedelplan for Sambandet Vest

Vi viser til dykkar brev datert 03.06.2020 med varsel om ny høring av planprogram og silingsrapport for kommunedelplan for Sambandet vest i Askøy og Alver kommunar.

Planprogram og silingsrapport var første gong lagt ut til offentleg ettersyn sommaren 2019 i kommunane Askøy, Meland, Lindås og Radøy. Grunna formell feil i høyringsprosessen vert no planprogram og silingsrapport lagt ut til nytt offentleg ettersyn. Planprogrammet og silingsrapporten er uendra.

Fylkesmannen har tidlegare berre uttalt seg til kommunedelplanen innanfor Meland kommune i brev den 18.09.2019, før samanslåinga til Alver kommune. Vi viser i heilskap til denne uttalen som innspel til planarbeidet. Uttale til ny høring byggjer i stor grad på tidlegare uttale, men er supplert med uttale til tema som ligg utanfor gamle Meland kommune og elles tema som vi vurderer naudsynt å utdjupa.

Fylkesmannen sin vurdering

Sambandet vest er eit omfattande prosjekt som ein kan forvente vil få svært store negative konsekvensar for natur, landskap og friluftsliv, i tillegg til at det blir svært kostbart. På noverande tidspunkt kan ikkje Fylkesmannen sjå vekk frå at planen vil kunne kome i konflikt med- og stride vesentleg mot statlege interesser.

For å sikre ein tilfredsstillande avgjerdsprosess må det difor leggjast omfattande utreiingsressursar i nytte/kostnadsanalysen. Planprogrammet stadfestar at Statens vegvesen sin handbok V712 skal leggjast til grunn for utgreiingane. I denne er konsekvensar for natur, landskap og friluftsliv lista under ikkje-prisette konsekvensar. Fylkesmannen meiner det *i tillegg* må kvantifiserast kostnader av dei negative effektane på natur, landskap og friluftsliv, og eventuelt også kostnader til naudsynte avbøtande tiltak. Verknadar på økosystemtenester som tilleggsutgreiing, jf. handbok V712 kap. 9.3, må også inngå som del av konsekvensutgreiinga, og behov for moglege kompenserte tiltak må identifiserast.



Tunnelløysingar bør vurderast reelt der omsynet til natur og landskap bør vektast høgt, sjølv om kostnadane ved tunnelloysing kan verte dyrt. Difor er det mellom anna også viktig at konsekvensar for natur, landskap og friluftsliv vert kvantifisert og prissett, der dette er mogleg, for å gje eit best mogleg bilete av dei faktiske kostnadane. Det finst etter kvart metodar for prissetting av natur, friluftsliv og økosystemtenester, som bør takast i bruk og nyttast i slike store prosjekt. Det er ofte ein tendens at desse tema blir underestimert og undervurdert når samla samfunnsnytte skal settast.

Når det gjeld nytte av prosjektet kan ein ikkje sjå bort ifrå at prosjektet vil bli bompengefinansiert. Det bør reknast på moglege konsekvensar av avvising av trafikk som følgje av bompengar. Bompengar er eit tema som opptek mange, og bør difor synleggjerast i planarbeidet slik at dei samfunnsmessige konsekvensane vert klarlagde.

Kommunane bør elles vurdere om dette er eit prosjekt som vil konkurrere med andre samferdsleprosjekt i regionen, slik som E39. At KMD har løyvd midlar til utreiing betyr isolert sett ikkje at det er gjeve signal om at prosjektet på dette stadiet vurderast som særleg viktig eller at det er gitt finansiering. Ein grundig utreiing er difor viktig no, for å få presentert eit best mogleg grunnlag for å fatte avgjerd om prosjektet. Det er også viktig at 0-alternativet vert fullt ut utgreidd og at det vert presentert som eit reelt alternativ.

Vi peiker i det følgjande på enkelte tema vi meiner må ha særskild merksemd i planarbeidet.

Naturmangfald og landskap

Tap av fysiske areal som følgje av nedbygging er den klart største trugselen mot naturmangfald globalt, så vel som lokalt. Det er ein nasjonal målsetting å stoppe tap av naturmangfald i Noreg. Temaet er ytterlegare aktualisert ved publisering av det internasjonale naturpanelet (IPBES) sin tilstandsrapport for jordas naturmangfald i 2019.

I tillegg til det faktiske arealet eit nytt veganlegg vil krevje, vil arealpress på nye område som følgje av ny og lettare tilkomst vere ein indirekte effekt som over tid også vil få følgjer for naturmangfaldet i området. Naturmangfaldlova § 10 om samla belastning må i så måte vurderast nøye.

I planprogrammet presenterast analyseområdet, som legg dei geografiske rammene for utgreiingane knytt til planprogrammet. Analyseområdet skal fange opp kva areal som vert råka av kommunedelplanarbeidet. Vi legg merke til at analyseområdet ikkje omfattar verneområde på Herdla. Fylkesmannen meiner dette området bør inn i analyseområdet for å sjå på eventuelle indirekte verknader som følgje av vegprosjektet.

For å redusere konsekvensane på naturmangfald vil det generelt vere viktig å redusere omfanget av nye naturinngrep. Det vil i praksis mellom anna sei å bruke mest mogleg eksisterande vegtrasé, velje tunnelloysingar der dette er mogleg, og ikkje bruke fyllingar i sjø ved fjordkryssingar. Kryssing av Herdlefjorden og Radfjorden/Bognøystraumen er sær viktige utreiingstema, der konsekvensane for naturmangfald og landskap vil kunne verte særleg store. Det er elles viktig å unngå inngrep i urørt natur, til dømes kring Storavatnet.

Ved utarbeiding av konsekvensutreiinga (KU), må det gjennomførast feltarbeid av fagkunnig biolog i føreslått vegtrasé. Dette må inn i planprogrammet. Ved utsending av høyringsframlegg, må vi også få framlegget som digitale kartfiler (sosi-format) som gjer det mogleg å vurdere alternativa opp mot kvarandre i ArcGIS. Dokumentasjon frå nye funn av naturførekomstar i samband med feltarbeid gjennom KU, må også vere ein del av oversendinga.



Verna vassdrag

I Alver kommune (tidlegare Meland) vil det vere viktig å unngå inngrep i nærleiken til Rylands-vassdraget, som er eit verna vassdrag. Kommunane må leggje dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag T-1082 til grunn i planlegginga for å oppnå dei nasjonale måla for forvaltninga av desse vassdraga. Ein må då leggje vekt på vernevedtaket og vassdraget sin verneverdi.

Strandsona

Askøy og Alver ligg i eit område som er vurdert til å ha stort press på areal i strandsona. I desse kommunane skal byggeforbodet i pbl § 1-8 praktisert strengt.

Fylkesmannen viser til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona av 25.03.2011, der det m.a. kjem fram at:

Bygging og landskapsinngrep skal unngås på arealer som har betydning for andre formål, som for eksempel friluftsliv, naturvern, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljø, landskap, landbruk, fiskerinæring, havbruk og annen samfunnsmessig betydning. Ved utarbeiding av reguleringsplaner som innebærer bygging i strandsonen på arealer som er delvis utbygd, skal ferdselshensyn og landskapstilpasning spesielt vektlegges.

Planen legg opp til bygging i strandsona fleire stader. Vi meiner at dette må vere eit tema i konsekvensutgreiinga. Vi kan ikkje sjå at planprogrammet fangar opp dette.

Friluftsliv

Det er fleire svært viktige og viktige friluftsområde innanfor analyseområdet, jf. kartlegging etter Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013 (sjå Naturbase). Konsekvensar for desse og for friluftsliv generelt må utgreiast både under ikkje-prisette tema og prisette dersom mogleg. Konsekvensar som følgje av auka støy og oppleving av landskap er viktige tema, saman med folkehelse og barn og unges interesser, slik planprogrammet peikar på.

Landbruk

Vern av jordressursane er ein føresetnad for å nå målsetjingar om mattryggleik og auka matproduksjon. Den nasjonale jordvernstrategien har som mål at det årleg skal omdisponerast mindre enn 4000 dekar dyrka jord i Noreg fram mot 2020. Kommunane har eit klart ansvar for at det nasjonale jordvernmålet vert nådd.

Vi forstår det slik at tap av dyrka mark vil vere ei del av konsekvensutgreiinga under tema «Naturressursar». Vi meiner ein også bør vurdere uheldig oppsplitting av samanhengande jordbruksareal og verdifulle kulturlandskap, ikkje berre arealbeslag.

Klima og energi

Kommunen skal i planlegginga stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvennleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet forberedast på og tilpassast klimaendringane, jf. statlege planretningslinje for klima- og energiplanlegging og energiplanlegging og klimatilpassing.

Fylkesmannen sin vurdering er at planen må vise verknadane for dette temaet, her under om planen til dømes vil føre til nedbygging av skog og myr.



Samordna bustad, areal og transportplanlegging

I følgje statlege retningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging skal utbyggingsmønster og transportsystem samordnast for å oppnå effektive løysingar, slik at transportbehovet vert avgrensa og ein legg til rette for klima- og miljøvennlege løysingar.

Størsteparten av areala innanfor analyseområdet og føreslege vegtrasear er LNF i dagens kommuneplanar, og busetnaden er spreidd. Det må gjerast ei vurdering av om planen vil føre til auka bruk av bil, og i kor stor grad. Moglege tiltak for bruk av alternative transportformer bør synleggjerast, og verdien for gåande, syklande og kollektivreisande som konsekvens av prosjektet må kome klart fram i planframlegget. Det må også gjerast ei vurdering om byspreiing vil verte ein mogleg konsekvens.

Samfunnstryggleik

Vi viser til vegvesenet sin uttale til planprogrammet datert 23.06.2020, der det peikast på viktigheita av å sjå på verknadene vegprosjektet vil ha på eksisterande fylkesvegar som tilførsleveggar, som i dag har dårleg standard fleire stadar. Der vegprosjektet ev. vil føre til monaleg auka trafikk på fylkesvegar med dårleg standard, og der dette vil få konsekvensar for framkome og trafikktryggleik, må det stillast krav om utbetring av desse som rekkefølgjekrav.

Barn og unge

Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår skal etter pbl § 1-1 femte ledd og pbl § 3-1 første ledd bokstav e ivaretakast i den kommunale planlegginga. Rikspolitiske retningslinjer av 01.09.1989 og rundskriv T-2/08 stiller nærare krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen. Kommunen skal organisere planprosessen slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, for at synspunkt som gjeld barn skal kome fram og verte ein del av prosessen. Vi viser elles til temarettleiar T-1513 om barn og unge og planlegging etter plan- og bygningslova, samt rettleiar H-2302 om medverknad i planlegging.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal leggje til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremje helse i befolkninga og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremje helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.

Massehandtering

Massehandtering er eit viktig tema som ofte skapar utfordringar, særleg der prosjekt gir store overskot av masser. Konsekvensar for natur og landskap kan bli minst like store ved handtering av massane som ved sjølve vegtraseen. Massehandtering er i planprogrammet trekt fram som eit eige punkt, der det er stadfesta at planarbeidet må skissere løysingar for handtering av masser dersom planarbeidet avdekkjer større overskot eller underskot. Planarbeidet skal søkje å finne eigna areal for massedeponi innanfor analyseområdet, eventuelt peike på andre løysingar. Konkrete areal for massedeponi skal avklarast i reguleringsplanfasen, og trong for konsekvensutgreiing av desse skal avklarast ved oppstart av reguleringsplanarbeidet. Fylkesmannen vurderer dette som ein tenleg



tilnærming. Fylkesmannen oppmodar til å sjå om det finst samfunnsnyttige prosjekt der eventuelle overskotsmasser kan nyttast, framfor at massane vert dumpa og ikkje «nytta».

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunane dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Med helsing,

Egil Hauge
seksjonsleiar

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent